



Skarpeneset Eiendom AS
c/o Kjell Arne Gjerde Langarinden 85
5132 NYBORG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/619 - 19/5054

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

05.03.2019

Pålegg - GBNR 28/47 - Fjerning av forureina massar - Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 53/2019

Heimelshavar:

Skarpeneset Eigedom AS

Heimel:

Forureiningslova § 7 fjerde ledd, jf. andre ledd.

SAKSUTGREIING:

Meland kommune har opplysningar som viser at det er oppbevart eternitt-takplater på gbnr. 2/47, sjå bileta under:



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «[i]ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.»

Føresegna inneber ei generell plikt til å unngå forureining. Oppbevaring av eternitt-plater er ikkje omfatta av §§ 8 eller 9. Det er heller ikkje gitt løyve til oppbevaringa etter § 11. Administrasjonen finn det ikkje tvilsamt at oppbevaring av eternitt-plater, slik som vist på bileta over, er forureining etter § 7 første ledd.

Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan forureiningsmynde pålegge den ansvarlege å treffe tiltak innan ein nærare angjeve frist. I utgangspunktet gjeld forvaltningslova (fvl) sine føresegner, men førehandsvarsling kan utelatast i tilfeller som dette, jf. fvl § 16 tredje ledd bokstav a).

Kommunen er i dette tilfellet forureiningsmynde, jf. forureininglova § 81 første ledd bokstav c). Utan opplysningar om kven som er «den ansvarlige» for den aktuelle forureininga, vil kommunen kunne henvende seg til deg, som grunneigar, jf. forureiningslova § 7 fjerde ledd.

På bakgrunn av det ovannemnde, pålegg Meland kommune deg om å sikre alle eternitt-platene på eigedomen forskriftsmessig.

Pålegget må gjennomførast snarast, men seinast innan **fredag 8. mars 2019**.

Det må sendast inn kopi av kvittering for levering på godkjent mottak eller dokumentasjon på at materiala er handtert i samsvar med gjeldande regelverk.

Viss kommunen ikkje har motteke dokumentasjon som vist til over, seinast innan **11. mars 2019**, vil vi vurdere å gje pålegg om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73 første ledd. Alternativt vil vi sørgje for iverksetting av sikring etter § 74. I så tilfelle vil vi krevje økonomisk dekning for utgiftene, jf. § 76 første ledd.

VEDTAK:

«Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd, jf. første ledd, vert det gjeve pålegg om sikring av forureina materiale på gbnr. 28/47. For grunngjeving og vurdering, sjå ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Skarpeneset Eiendom AS

c/o Kjell Arne
Gjerde
Langarinden 85

5132

NYBORG